

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
612.0	Knut Øyjordet	17.04.20	16/20

ELG- OG HJORTJAKT 2017-2019 – RAMME FOR KVOTER*Saksdokument:*

1. Vågå Sør viltområde – bestandsplan for elg, hjort og rådyr 2017-2019.
2. Diverse statistikkar (fellingsresultat og «Sett elg»).
3. Kommunale retningsliner for hjorteviltforvaltninga i Vågå 2016-2020.

Saksutgreiing og vurdering:

Vågå Sør viltområde har ein treårs bestandsplan for elg, hjort og rådyr som nå skal rullerast, og som må godkjennast av kommunen seinare i vår. Ved tidlegare rulleringar har styret i viltområdet einast om eit forslag, etter at dei ulike samarbeidspartane har kome med sine ønskje om ramme for kvoter. Dette med grunnlag i m.a. ønskje om bestandsstorleik, fellingsresultat og ”Sett elg/hjort”. I planen er det ein avskytingsplan, med ei totalkvote på tre år og ei maksimal årleg kvote, samt fordeling på alder og kjønn.

I tilsvaranande sak for tre år sidan vedtok fjellstyret følgjande (sak 20/17):

I revisjon av bestandsplan for elg, hjort og rådyr i Vågå Sør viltområde, meiner fjellstyret at den totale ramma for jakt på elg under den ordinære haustjakta i perioden 2017-2019 bør vera inntil 135 dyr, og med eit årleg uttak på ca. 40 dyr. For hjort bør totalramma vera inntil 30 dyr.

Samla felling i Langmorkje dei tre siste åra vart 130 elgar og 16 hjortar. I fjar vart det felt 46 elgar, det høgste talet ein kjänner til over årleg felt elg. Med bakgrunn i kjennskap til bestandsstorleik, så bør årleg uttak dei neste tre åra ligge på ca. 45 dyr, og den totale ramma bør aukast litt i forhold til førra perioden. Felling av hjort er mindre forutsigbar, og totalkvota kan gjerne bli redusert litt. Dette fordi det er meir lokale variasjonar i bestanden frå år til år, og jaktomfanget varierer også ein del mellom åra og i jaktfelta med hjort. Ei nærmare grunngjeving ang. forslag på totalt uttak dei tre neste åra og med årleg uttak, vil bli gjort direkte i møtet.

Forutan bestandsstorleikar må det også takast omsyn til dei kommunale retningsliner for hjorteviltforvaltninga 2016-2020. Her står det m.a. at ”Sett elg” per jegerdagsverk skal vera mindre enn 0,5 innanfor Vågå Sør. Frå 2018 vart det ei endring i føring av sett elg, ved at alle observasjonar i løpet av ein jaktdag skulle førast opp sjølv om same dyr/dyra vart sett av fleire jegerar i laget. Dette var ei endring som truleg vil ta nokre år før det blir hundre prosent «oppslutning» på.

Jakt på trekkelg i Langmorkje skjedde i perioden 2012-2018, der nesten alle dyr (totalt 78 dyr) vart felt etter nyttår. Frå 2019 opna ikkje Miljødirektoratet for jakt på trekkelg etter nyttår, og kommunane søkte difor ikkje for slik jakt sist vinter. Slik situasjonen er nå, vil det nok ikkje bli søkt om slik jakt i nærmaste framtid. Det er difor ikkje nødvendig for fjellstyret

å avsetje ei eigen kvote for trekkelgjakt, heller ikkje for slik jakt i desember fordi trekkelgen kjem seinare hit enn til Murudalen på Frons- og Heidalssida.

Innstilling til vedtak:

I revisjon av bestandsplan for elg, hjort og rådyr i Vågå Sør viltområde, meiner fjellstyret at den totale ramma for jakt på elg i Langmorkje i perioden 2020-2022 bør vera inntil 140 dyr, og med eit årleg uttak på ca. 45 dyr. For hjort bør totalramma vera inntil 25 dyr.

Vedtak:

Samrøystes: I revisjon av bestandsplan for elg, hjort og rådyr i Vågå Sør viltområde, meiner fjellstyret at den totale ramma for jakt på elg i Langmorkje i perioden 2020-2022 bør vera inntil 140 dyr, og med eit årleg uttak på ca. 45 dyr. For hjort bør totalramma vera inntil 30 dyr.

Rett utskrift. Går til:

Vågå Sør viltområde

Vågåmo, 17.04.20

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no